


# Årsmelding Ålfotbreen landskapsvernområde 2014



Solnedgang på Gjegnabu

Foto: Alf Erik Røyrvik

Alf Erik Røyrvik  
Verneområdeforvaltar

## **1. Generelt**

Ålfotbreen landskapsvernombordet vart verna 9. januar 2009, og 2013 var derfor tredje året med forvaltning av landskapsvernombordet. Verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011, og vi har no hatt det fjerde året med lokal forvaltning.

Ålfotbreen landskapsvernombordet er eit verneområde der store delar er vanskeleg tilgjengeleg og der det er få bygningar eller andre installasjonar inne i verneområdet. Dette gjer sitt til at saksmengde og aktivitet generelt inne i verneområdet er mindre enn mange andre store verneområder.

Blant tiltak har det i 2014 vore satsa mest på tilrettelegging for friluftsliv.

### **Styret**

Det vart konstituert nytt styre for Ålfotbreen landskapsvernombordet 20.april 2012, etter at det var oppnemnt nye representantar frå kommunane etter kommunevalet. Styret er konstituert for perioden 2012 – 2015.

Styret i denne perioden består av:

<b>Verv</b>	<b>Namn</b>	<b>Representerar</b>	<b>Vararepresentant</b>
Leiar	Ola Tarjei Kroken	Gloppen kommune	Gunvor Sunde
Nestleiar	Nina Klara Grotle	Bremanger kommune	Karl Vidar Førde
Medlem	Bengt Solheim-Olsen	Flora kommune	Bente Halvorsen
Medlem	Anita Nybø	Fylkeskommunen	Bjørn Hollevik

Styret har hatt tre styremøter i 2014. To av dei har vore telefonmøter og eit møte har vore gjennomført som godkjenning av sak via e-post. Styret har handsama til saman åtte saker i året som har gått.

## 2. Saker

### Motorferdsel:

- Sogn og Fjordane Energi fekk løyve til landing med helikopter to stader ved Ålfotbreen, i samband med NVE si sluttsynfaring i konsesjonsprosessen for Bredvatn kraftverk. Dette vart gjennomført 17. september, og verneområdeforvaltaren deltok på synfaringa.

### Inngrepssaker:

- Keipen turlag fekk løyve til å sette opp to kasser for lagring av breutstyr. Ei på kvar side av brekryssinga på ruta frå Bjørndalen til Gjegnen som Keipen turlag held på å merke.

### Forvaltningsplan:

Framlegg til forvaltningsplan for Ålfotbreen landskapsvernombude fekk fagleg godkjenning av Miljødirektoratet i første halvdel av 2014, og vart lagt ut på høyring på hausten.

Høyringsfristen gjekk ut rett før jul, og det var komne inn nokre høyringsinnspele. Eit samandrag av høyringsinnspele vil verte lagt fram for verneområdestyret på første møte i 2015, og i løpet av 2015 vil Ålfotbreen få på plass ein fungerande forvaltningsplan.

### Andre saker:

Verneområdestyret sendte inn høyringsinnspele i samband med SFE sin konsesjonssøknad for Bredvatn kraftverk. Forvaltar var og med på synfaring i samband med denne søknaden.

## 3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Naustdal-Gjengedal landskapsvernombude, er det satt opp ein felles rekneskapsoversikt.

2014	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnad	Budsjett	Kostnad	Budsjett	Kostnad
Lønn + Overhead og sosiale utg		kr 525 246		kr 263 431		kr 261 815
Drift forvaltar og knutepunkt		kr 90 462		kr 48 708		kr 41 754
Drift styre	kr 175 000	kr 46 251		kr 27 909		kr 18 342
Planarbeid	kr 70 000	kr 40 638	kr 40 000	kr 23 852	kr 30 000	kr 16 786
Bestillings-dialog	kr 650 000	kr 623 263	kr 520 000	kr 543 263	kr 130 000	kr 80 000
<b>Tot</b>	<b>kr 895 000</b>	<b>kr 1 325 860</b>		<b>kr 907 163</b>		<b>kr 418 697</b>

Nytt av året er at kostnadene med forvaltar og knutepunkt er ein del av Fylkesmannen sitt budsjett.

## 4. Tiltak / bruk av midlar

For 2014 fekk Ålfotbrean verneområdestyre tildelt totalt 130.000 over bestillingsdialogen, pluss at Statens naturoppsyn lokalt fekk 50.000.

Tiltak	Tiltakshavar	Sum
Søppelrydding	SNO og SFE	50 000
Stiprosjekt Ålfoten - Gjengnen	Keipen turlag	20 000
Sti, skilt og informasjon Blåbrebu	Flora turlag	60 000
Overført (lån) til Naustdal-Gjengedal		50 000
<b>Totalt</b>		<b>180 000</b>

Som de ser i tabellen vart det overført 50.000 til Naustdal-Gjengedal verneområdestyre. Dette var under den føresetnad at pengane skulle tilbakeførast ved eit seinare høve.

### Tiltak:

- SFE og forvaltaren rydda søppel og gammalt skrot ved bekkeinntaket i Skordalen. Søppelet vart lagt i ein «BigBag» og frakta ut med helikopter.
- Den merka ruta frå Hope via Lavesteinen til Gjegnabu er utbetra med rydding, betre merking og litt fysiske tiltak på sjølve stien.
- Keipen turlag har jobba med merking av ei ny rute frå Bjørndalen til Gjegnen.
- Flora turlag har fått midlar til å sette opp nye skilt og infotavler ved stien frå Grøndalen til Blåbrebu.

## 5. Fagleg Rådgjevande utval

Fagleg Rådgjevande utval for Ålfotbrean landskapsvernombade vart oppretta i 2014 og hadde sitt første møte 8.april. Utvalet består av representantar frå ulike verksemder og organisasjonar, og dessutan ein grunneigarrepresentant frå kvar kommune. Utvalet er samasett slik:

- Sogn og Fjordane Energi
- Svelgen Kraft
- Sogn og Fjordane Turlag
- Naturvernforbundet
- Fjordkysten Reiseliv
- Reisemål Stryn og Nordfjord
- Nordfjord Folkehøgskule
- Martin K. Førde – grunneigar Bremanger
- Leidulf Solvang – grunneigar Flora
- Arild Straume – grunneigar Gloppen

## **6. Forvaltar**

Verneområdeforvaltaren vart tilsett 1.oktober 2011 og har verka i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Sandane, der han er samlokalisert med Statens naturoppsyn sin oppsynsmann som er tilknytt Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen landskapsvernområde.

Samarbeidet med SNO lokalt fungerer veldig godt. Vi jobbar mykje i team, både på planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak, tenestekjøp og u dei konkrete sakene som dukkar opp.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på i 2014:

- 22.-23.januar, Grøn Fjord –konferanse i Gerianger (grønt reiseliv)
- 1.-2.april, Regional samling for forvaltarar og naturoppsyn i Flåm
- 2.juni, føredrag på kurs om stimerking på Skei
- 19.-20.juni, Fellessamling for forvaltarar i Oldedalen

### Møteverksemد

Verneområdeforvaltaren har delteke på og arrangert ei rekke møter i 2014. Mellom anna:

- Avdelingsmøter, personalsamlingar, avdelingstur og andre interne møter hjå Fylkesmannen.
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Møter med fagpersonar i kommunane
- Forvaltaren arrangerte to bygdemøter i samband med høyring av forvaltningsplan, eitt i Hyen og eitt i Svelgen.

I tillegg har verneområdeforvaltaren og/eller naturoppsyn vore på ei rekke synfaringar i og rundt verneområdet.

## 7. Bilete frå 2014

(Alle foto: Alf Erik Rørvik)



Bilete 1. Flora turlag har «friska opp» merkinga på ruta Hope-Lavesteinen-Gjegnabu



Bilete 2. Siste biten av stien bort til Gjegnabu, med Gjegnen i bakgrunnen.



Bilete 3. Gjegnabu i solnedgang.



Bilete 4. Gammalt skrot vert rydda i «BigBag» av folk frå SFE



**Bilete 5.** Bekkeinntaket i Skordalen.



**Bilete 6.** Synfaring med SFE og NVE ved Øvre og Nedre Bredvatn og oppe ved sjølve Ålfotbreen.



**Bilete 7.** Nedre Bredvatn (t.v.) og Øvre Bredvatn. Bukkenibba rett bak og Gjegnen bakerst i biletet.



**Bilete 8.** Fjelltoppane (f.v.) Keipen og Saga. Heil til høgre ser vi Hjelmen.